



Meland kommune

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referansar:

Dykkar:

Vår: 14/2956 - 14/13633

Saksbehandlar:

Randi Helene Hilland

randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:

12.09.2014

## Høyringsuttale Premiss:Kultur Regional kulturplan for Hordaland

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland  
konsulent

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Bente Bing Kleiva	FE - 130, TI - &13	14/2956

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
60/2014	Formannskapet	PS	27.08.2014
51/2014	Kommunestyret	PS	10.09.2014

## Høyringsuttale Premiss:Kultur Regional kulturplan for Hordaland

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune har sendt den regionale kulturplanen Premiss: Kultur ut på høyring til m.a. kommunane. Kultur- og ressursutvalet i Hordaland har vore styringsgruppe og saksordførar har vore Nils Marton Aadland. Denne planen skal no erstatte fylkesplanar og regionale planar innanfor museum, kulturminne, bibliotek og idrett. Planen inneheldt visjon, mål og prioriteringar med innsatsområde innanfor desse ulike felta i tillegg til kunstproduksjon og kulturformidling.

Kulturplanen vart sendt ut på høyring i juni og høyringsfristen er 26. september 2014.

#### Vurdering

Kulturplanen for Hordaland er ein ambisiøs plan som famnar vidt, den både oppsummerer kulturlivet per i dag og prøver samstundes å sjå framover. Hordaland er eit sterkt kulturfylke og har mange viktige institusjonar både nasjonalt og regionalt, likevel er det arbeidet og satsinga i kommunane som særleg bidreg til utviklinga i fylket.

Ein viktig premiss for planen er at alle innbyggjarane skal ha tilgang på eit rikt og mangfaldig kulturliv. Dette betyr at kvar einskild kommune, gjerne i samarbeid med andre må legge til rette for deltaking og kulturell utfolding i sitt nærmiljø. Det er flott at dei kulturpolitiske måla bygger opp under demokrati, ytringsfridom og tilgang for alle, og at barn og unge skal ha ei spesiell merksemd innan alle målområda og er eit gjennomgåande tema i planen.

Planen referer til statlege utgreiingar og planar som gjev føringar for den fylkeskommunale satsinga, til saman gjev dette einheitlege signal til kommunal satsing. Det er positivt at kommunane vert utfordra til å lage eigne kulturplanar og med det grunnarbeidet som fylkeskommunen no har gjort vil kommunane ha eit referansegrunnlag for dette.

Planen har og ei gjennomgang av **kulturstatusen** (Kap 3) i fylket. Denne viser at idretten har styrkt posisjonen sin, medan det har vore ein realnedgang i driftsutgiftene til permanente kulturverksemdar som ungdomsklubbar, kulturskule, folkebibliotek og korps/kor. Meland kommune er ein av kommunane som ligg på botn når det gjeld bruk av midlar til kultur, noko som bør motivere

til større satsing.

Kapittel 4 **kulturpolitiske utfordringar** trekker fram den store frivillige innsatsen innan kultur og idrett. Dette representerer ei uvurderleg samfunnsmessig verdiskaping. Det er naudsynt å samordne mål og tiltak slik at den kulturpolitiske innsatsen ikkje vert fragmentert og tilfeldig men har best mogleg ressursutnytting. Her vil ein kommunal kulturplan vere ein nyttig arbeidsreiskap. Kulturminnevern er eit anna område der fylket og kommunane treng å samordne den offentlege innsatsen. Det er naudsynt med styrking og bruk av kulturminnekompetansen i kommunane, samt organisering og rolleavklaring. Meland kommune arbeider no med å lage ein kulturminneplan og ser at ambisjonane i premiss: kultur samsvarar med dette arbeidet. Kulturformidling og kunstproduksjon krev samarbeid mellom det profesjonelle, institusjonar og det frivillige. Kulturskulen er ein viktig institusjon som opnar dørene til kunstverda for barn og unge. Vi ser at eit koordinerande fylkeskommunalt ledd for kulturskulane, tilsvarande organiseringa av bibliotekfeltet, er ønskjeleg. Dette vil kunne styrke samarbeid og utviklingsarbeid, og gjerne styrke samarbeidet med viktige aktørar som UKM ( Ungdommens kulturmonsting) og DKS ( den kulturelle skulesekken). Når det gjeld bibliotek er det eit mål i kulturplanen at det skal finnast eit bibliotektilbod på kvart senternivå i kommunane. Det er viktig av bibliotektilbodet er mangfaldig og ivaretek lovpålagde oppgåver. Biblioteka i Hordaland treng eit løft jfr Enger-utvalet og slik som det er omtala i denne planen. Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv aktiviserer mange i Hordaland. Det er først og framset friluftsliv som har størst interesse og det er her viktig å legge til rette for at så mange som mogeleg kan delta, både gjennom tilbod frå lag og organisasjonar og som eigen organisert aktivitet. I planen er hovudfokus å skape gode aktivitetsvanar for barn og unge, men det er og viktig å legge til rette for eigen organisert aktivitet for vaksne og dei som driv frivillig arbeid retta mot ulike aldersgrupper.

Kapittel 5 **Innsatsområde**. Her vil vi trekke fram omtalen av arenautvikling. Gode arenaer er ein føresetnad for dei fleste deler av kulturlivet og utvikling av desse skapar grunnlag for aktivitetar, deltaking og oppleving. Det er ei stor utfordring for kommunar og tettstader som veks fort å skape stadidentitet og gode arenaer mellom anna vil vere med på å bygge denne.

**Digital allmenning** *Mål: Digitale arenaer på kultur- og idrettsfeltet skal utviklast slik at dei er tilgjengelege og tilrettelagt for alle.*

Det er vel kjent at grupper fell utafor i bruken av digitale arenaer – t.d. mange pensjonistar. I planen manglar det ein strategi for å nå ut med informasjon om kunst og kulturuttrykk til desse.

**Inkludering** Det er fint at det vert lagt vekt på integrering av innvandrarar – her spelar kulturen ei viktig rolle både i forhold til kulturforståing og sosial inkludering. Organisasjonane er i varierende grad flinke til å tilrettelegge og skape rom for deltaking for mennesker med funksjonshemming. Det bør vera eit tydeleg signal i kulturplanen at frivillige kulturorganisasjonar og andre lag må arbeide for å fjerne barrierar for deltaking for desse gruppene. Spesielt er dette viktig for barn og ungdom.

*«Det er ei målsetting å prøve ut etablering av lokale amatørkulturråd i samarbeid med nokre kommunar, etter modell frå idrettsråda. I neste omgang kan det vurderast danning av eit fylkesfemnande råd, som eit pilotprosjekt for å avklåra trong for slike råd i heile Hordaland.»* Meland kommune har under planlegging å starte eit amatørkulturråd, det vil vere svært interessant å delta i eit slikt prosjekt .

I dag er frivillige aktivitetar utafor organisasjonslivet blitt vanleg. Desse aktivitetane blir ofte gjort kjent på sosiale medier, eller er møteplassar t.d. ved ein skaterampe, ein fotballbinge etc. Særleg for barn og unge er desse uorganiserte aktivitetane viktige. Gjennom sosiale medier kan det vere invitasjonar til å vere med å gå tur, dugnad på ein leikeplass etc. Det dei har til felles er uforpliktande

deltaking. Desse uorganiserte aktivitetane står får mykje frivillige innsats. I eit folkehelse perspektiv er dette viktig. Aktivitetane bidrar til sosialisering, inkludering, tilhøyrrighet til staden sin og betre fysisk og psykisk helse. Meland kommune meiner at uorganiserte frivillige bør vera med i planen. Dei står for ein del av det frivillige arbeidet som blir lagt ned i Norge, og blir ein stadig meir vanleg måte å bidra frivillig på. Det er viktig å legge til rette for møteplassar for denne type aktivitetar i nærmiljøa slik at denne type frivilligheit kan få utfolde seg.

**Verdiskaping** tek mellom anna føre seg kulturbasert næringsutvikling, noko som er viktig og framtidsretta. I Meland er det per i dag ein musikkfestival Flatøy Rock, faktisk den einaste i Nordhordland. I tillegg er det nokre aktørar som arbeider med matkultur og opplevingar knytt til særskilde miljø. Det er ei utfordring å lage gode rammevilkår for dei som ønskjer å vidareutvikle desse tilboda. Kulturnæring har eit langt breiare spekter enn berre næring, dette ber og i seg element av å skape stadsidentitet og styrke banda til kommunen.

**Samordning og samhandling** er viktig med tanke på mogelege støtte ordningar innanfor kulturfeltet. Ved deltaking i ulike prosjekt som fylket set i gang er det naudsynt at «inngangsbilletten» til deltaking ikkje er for høg og at tiltaka som vert set i verk har ikkje berre folketal, men geografisk plassering med i kriteria.

**Kulturminnevern og museum** Vern av dei fleste kulturminne er i hovudsak eit lokalt ansvar og gjennom å styrke kompetansen og bruk av denne vil kommunane kunne ta vare på og utvikle dei lokale kulturminna. Det vert og løfta fram i planen at det er viktig at institusjonane må etablere tydelege samarbeidsordningar med skuleverket i høve kunnskapsforvaltning og formidling. Planen legg vidare opp til å styrke samarbeidet mellom musea, lokale aktørar og forvaltninga for brei eigarskap og deltaking i arbeidet med kulturarven. Dette samarbeidet er viktig og med tanke på at kommunane dei neste åra skal utarbeide eigne kulturminneplanar, noko som Meland kommune og har under arbeid. Det er ikkje noko regionalt magasin i Nordhordland, etablering av eit slik magasin er nemnd i som eitt av innsatsområda i planen (16 B). Dette er svært positivt!

Arbeidet med **arkiv** er pågåande og nødvendig med tanke på at vi heile tida treng heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Det er fint at planen har som mål å styrke det lokalhistoriske arbeidet gjennom å utvikle lokalhistorisk kompetanse i samarbeid med musea, biblioteka og lokalhistoriske miljø i fylket.

Vi ønskjer at barn og unge skal møte **kunst og kunst uttrykk** så tidleg som mogeleg, dette gjerast gjennom den kulturelle skulesekken og dei kommunale kulturskulane, det er viktig å skape rom for at dei kommunale kulturskulane i størst mogeleg grad kan gje tilbod om individuell utvikling og opplæring innafor dei kunstområda elevane ønskjer. For å bli deltakar og medverkar må ein arbeide for å gje eit likeverdig tilbod til alle. Ungdommens kulturmønstring (UKM) har størst deltaking der mønstringa er ein kontinuerleg prosess, med engasjerte vaksne og unge som medverkar i planlegging og gjennomføring, og der UKM er definert som ein del av kulturpolitikken for barn og unge. Det er vesentleg å arbeide for å skaffe gode arenaer og møteplassar til øving, produksjon og framsyningar. I regionen er det ingen av dei vidaregåande skulane som tilbyr studieretning musikk, dans og drama. Elevar som ønskjer å gå den vegen må flytte ut av regionen. Eit slikt tilbod vil og vere ei styrking av tilbodet som kulturskulane gjev. Nordhordland er og den einaste regionen i Hordaland utan distriktsmusikarar, dette er eit sagn.

**Biblioteka** har gjennom ny biblioteklov fått i oppdrag å vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt. Det skal utviklast modellbibliotek i alle regionane, Meland og Lindås bibliotek er allereie i gang med å bli eit modellbibliotek i regionen. Ulike løysingar kan gje inspirasjon til andre bibliotek i arbeidet med å nå ut til nye brukargrupper. Biblioteka skal utvikle nye tilbod i dialog med

brukarane seier planen. Gjennom digitalisering og bruk av e-ressursar vil lånarane lettare få tilgang til biblioteket sine tenester. Biblioteket samarbeider i dag med skulane for å styrke lesedugleiken, dette må vidareutviklast og biblioteket kan bidra gjennom formidling både i det fysiske rommet og digitalt. Dei strategiske innsatsområda i planen er formidling, marknadsføring, digital kompetanse og endringsleiing/endringskompetanse. Dette er framtidsretta og gode strategiar som kommunane vil ha god nytte av.

**Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv** er ein del av livet til mange menneske og det er viktig å legge til rette for at alle kan ta del i fysisk aktivitet anten det er gjennom idrettslag, eigen organisert aktivitet eller friluftsliv. Når vi ser at det er stort fråfall blant ungdom frå dei frivillige organisasjonane må ein sjå på kva som må til for å gjere deltaking meir attraktivt. Tilrettelegging for å vere aktiv kvar dag kan gjerast ved at det er gode gang- og sykkelveggar til skular og barnehagar og i nærområda der folk bur. Kort avstand til turløyper og friluftsområder med god skilting vil medverke til at dei og blir brukt. Kommunane og fylket må legge vekt på å støtte det frivillige arbeidet i laga, men og ha midlar til å stø opp om eigen organiserte aktivitetar. Når det gjeld anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er eit av måla i planen at desse skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø. Då er det viktig å sjå på ordningar for spelemiddlar og andre tildelingar slik at dei ikkje berre er der fleirtalet bur, men og sjå på den geografiske fordelinga. Naturen er den viktigaste arenaen for fysisk aktivitet. Tilrettelegging for friluftsliv i form av friluftsområder, turveggar, turstiar, merking og gradering, turkart og informasjon er avgjerande for å senke terskelen for å vere aktiv. Meland kommune er i gang med fleire tursti prosjekt, takka vere fylkeskommunale midlar, dette er avgjerande insitament for laga som skal gjere jobben. Det er mange ballbingar i Hordaland, men det må og utviklast andre nærmiljøanlegg som når andre målgrupper. Her er det viktig at det er mogeleg å søkje om støtte til slike anlegg.

Handlingsprogrammet har 39 innsatsområde med fleire underpunkt, dette er ambisiøst og spennande. Det er grunn til å trekke fram dei som vil vere aktuelle for Meland å engasjere seg i:

- Friluftslivets år 2015
- Delta i nasjonalt prosjekt "det skal merkes i heile landet" knytt til merking og gradering av turløyper
- Utvikle møteplassar og samarbeidsmodellar, til dømes amatørkulturråd, er frivillige organisasjonar kan auke kompetansen, utvikle nettverk og samarbeide med offentleg sektor
- Utvikle arbeid med kulturminnevern og verdiskaping
- Utarbeide fellesskapsløysingar innan IKT, magasin, arkiv, publikumsutvikling og fotografi
- Utarbeide kommunedelplanar for kulturminnevern
- Etablere ordningar for å styrke frivillig sektor og nye samarbeid om kulturarv
- Utarbeide program for tidleg og god dialog med kommunar og planfremjarar
- Utvikle den lokalhistoriske kompetansen i fylket.
- Styrke estetiske fag og talentutvikling i vidaregåande skule, ved mellom anna å legge til rette for samarbeid med det profesjonelle kunstfeltet.
- Legge forholda til rette for samarbeid mellom amatørkunstfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturlivet
- Etablere regionale "litteraturhus" og utvikle dei med høg kvalitet
- Spreie kunnskap om ulike modellar for drift av skulebibliotek
- Legge til rette for digital deltaking
- Drive aktiv kunnskaps- og litteraturformidling av høg kvalitet i det fysiske og digitale bibliotekrommet

- Vidareutvikle felles biblioteknettstader som samlingspunkt for litteraturformidling, kunnskapsbasar og kommunikasjon
- I regional og kommunal planlegging skal det settast mål for å legge til rette for areal, infrastruktur og anlegg, som gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet
- Tilrettelegge minst eitt universelt utforma friluftsområde i kvar kommune.

Folkehelse : Planen slik den ligg før vil gje positive bidrag til folkehelsa

Miljø: I varetaking av miljøet må vere med i planlegging av nye arenaer og opp gradering av desse

Økonomi : Dersom Meland kommune skal ta del i nokre av tiltaka i planen, vil dette ha økonomiske konsekvensar. Dette må vurderast under budsjettarbeidet kvart år.

**Konklusjon** Kulturplanen er ein stor og ambisiøs plan som femner over mange felt som er viktige for god livskvalitet for innbyggjarane våre. Meland kommune vil vere ein god kommune å bu og fleire av tiltaka og innsatsområda som er omtala i planen vil vere med på å understøtte dette målet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Premiss: kultur regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er ein stor og ambisiøs plan. Planen famnar over heile kulturfeltet og set fokus mange utfordringar og mogelege utviklingsområde. Meland kommune ønskjer at ein i det vidare arbeidet set fokus på regionale løysingar med omsyn til kulturminne og bevaring, arena utvikling både i kommunane og regionalt og styrking av stadidentiteten til dei som bur i kommunane. Ved i gangsetting av ulike prosjekt er det viktig at så mange som mogeleg vert involvert og at ”inngangsbilletten” for deltaking ikkje er for høg. VI ønskjer lukke til vidare med det vidare arbeidet og iverksetting av planen.

#### **Formannskapet - 60/2014**

#### **FS - behandling:**

#### **FS - vedtak:**

Premiss: kultur regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er ein stor og ambisiøs plan. Planen famnar over heile kulturfeltet og set fokus mange utfordringar og mogelege utviklingsområde. Meland kommune ønskjer at ein i det vidare arbeidet set fokus på regionale løysingar med omsyn til kulturminne og bevaring, arena utvikling både i kommunane og regionalt og styrking av stadidentiteten til dei som bur i kommunane. Ved i gangsetting av ulike prosjekt er det viktig at så mange som mogeleg vert involvert og at ”inngangsbilletten” for deltaking ikkje er for høg. VI ønskjer lukke til vidare med det vidare arbeidet og iverksetting av planen.

## Kommunestyret - 51/2014

### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til tilleggstekst frå Marit Samnøy Jøssang, KrF:**

1) Gjennom barnehage og skule når ein alle barn og unge. Desse arenaene er viktige medspelarar for å nå dei kulturpolitiske måla i planen. Dette er nemnt tydeleg når det gjeld fysisk aktivitet/friluftsliv og bibliotektenesta. Men det bør også nemnast på andre felt som t.d. kunstformidling og kunstuttrykk, utover det som Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane bidreg med.

2) Idé og livssynsorienterte organisasjonar sin plass i kulturlivet bør koma tydelegare fram i planen.

#### **Framlegg til nytt underpunkt G inn i handlingsprogram Premiss: Kultur 5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling frå Leif Johnsen, MDG.**

**G.** Etablere regionale/kommunale arenaer for skapande aktivitet med vekt på produksjon, visning, formidling og utveksling, nasjonalt og over Nordsjøområdet.

### **Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til tilleggstekst pkt. 1) frå Marit Samnøy Jøssang fekk 17 røyster for, (6H, 1 AP, 4 SP, 3 KrF, 1 Uavh, 2 FrP), 10 røyster mot, (4 AP, 1 FrP, 2 V, 2 SAM, 1 MDG), og er såleis vedteke.**

**Framlegg til tilleggstekst pkt. 2) frå Marit Samnøy Jøssang fekk 6 røyster for, (3 KrF, 2 SP, 1 MDG), 21 røyster mot, (6 H, 5 AP, 2 Sp, 3 FrP, 1 Uavh, 2 V, 2 SAM), og fall.**

**Framlegg til nytt underpunkt G frå Leif Johnsen fekk 23 røyster for (H, AP, SP, KrF, V, SAM, MDG), 4 røyster mot (3 FrP, 1 Uavh), og er såleis vedteke.**

### **KS - vedtak:**

Premiss: kultur regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er ein stor og ambisiøs plan. Planen famnar over heile kulturfeltet og set fokus mange utfordringar og mogelege utviklingsområde. Meland kommune ønskjer at ein i det vidare arbeidet set fokus på regionale løysingar med omsyn til kulturminne og bevaring, arena utvikling både i kommunane og regionalt og styrking av stadidentiteten til dei som bur i kommunane. Ved i gangsetting av ulike prosjekt er det viktig at så mange som mogeleg vert involvert og at "inngangsbilletten" for deltaking ikkje er for høg. Vi ønskjer lukke til vidare med det vidare arbeidet og iverksetting av planen.

Gjennom barnehage og skule når ein alle barn og unge. Desse arenaene er viktige medspelarar for å nå dei kulturpolitiske måla i planen. Dette er nemnt tydeleg når det gjeld fysisk aktivitet/friluftsliv og bibliotektenesta. Men det bør også nemnast på andre felt som t.d. kunstformidling og kunstuttrykk, utover det som Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane bidreg med.

#### **Nytt underpunkt inn i handlingsprogram Premiss: Kultur 5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling**

**G.** Etablere regionale/kommunale arenaer for skapande aktivitet med vekt på produksjon, visning,

formidling og utveksling, nasjonalt og over Nordsjøområdet.

Frekhaug, den 13.08.2014

Bente Bing Kleiva  
leiar kultur